



Innkalling av Næringsfondsstyret

Møtedato: 05.04.2016
Møtestad: Konferanserommet
Møtetid: 12:00 - 13:00

Møte vert halde rett etter formannskapsmøte.

Eventuelle forfall må meldast via Møteportalen (politikarportalen). Ordføraren må og få melding om forfall til møter.

Varamedlemmer møter berre etter nærare avtale.

Sakliste

Saknr	Tittel
001/2016	Godkjenning av innkalling og sakliste
002/2016	Godkjenning av møtebok
003/2016	Referatsaker
004/2016	Søknad om lån og tilskot til kjøp av hjullastar

18. mars 2016

Tom Kristian Thorsen
møteleiar

Øivind Olsnes
sekretær

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Anneli Vatle Lilletvedt		16/77

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
001/2016	Næringsfondsstyret	PS	05.04.2016

Godkjenning av innkalling og saksliste

Forslag til vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent

Saksopplysningar:

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Anneli Vatle Lilletvedt		16/77

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
002/2016	Næringsfondsstyret	PS	05.04.2016

Godkjenning av møtebok

Forslag til vedtak:

Møtebok vert godkjend slik ho ligg føre

Saksopplysningar:

Vedlegg:

Protokoll - Næringsfondsstyret - 17.11.2015

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Anneli Vatle Lilletvedt		16/77

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
003/2016	Næringsfondsstyret	PS	05.04.2016

Referatsaker

Underliggende saker:

Saksnummer	Tittel
003/2016.1	Offentleg støtte til nærbutikken på Øvre Helland

Forslag til vedtak:

Referatsaker vert tekne til orientering.

Saksopplysningar:

Vedlegg:

Offentleg støtte til nærbutikken på Øvre Helland

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Inge Kårevik	FE - 223	16/52

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
004/2016	Næringsfondsstyret	PS	05.04.2016

Søknad om lån og tilskot til kjøp av hjullastar

Forslag til vedtak:

Modalen sandtak AS får eit lån på kr 135 000,- tilsvarande 20 % av investeringa. Utbetaling av lån over 50.000,- skal sikrast med pant eller garantiar. Lånerenta er den til ein kvar tid gjeldande rente i Næringsfondet. Lånet skal attendebetalst med like store halvårlege avdrag i 5 år.

Andre vilkår:

Innvilga lån og tilskot kan krevjast attende dersom verksemda opphøyrer, vert seld eller flytta frå kommunen innan 5 år frå tilsegnsdato.

Likeins kan lån og tilskot krevjast attendebetalst heilt eller delvis dersom bygg og inventar/ utstyr m. v. som er finansiert med støtte frå Næringsfondet, vert seld eller nytta til eit anna føremål enn føresett innan 5 år frå tilsegnsdato. Stønadsmottakar pliktar på førehand å gje melding til Styret for Næringsfondet om sal eller bruksendring i dette tidsrommet.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Søknad frå Modalen sandtak AS om tilskot og lån til kjøp av hjullastar.

Vurdering

Av søknaden går det fram at styret i Modalen sandtak AS ha vedteke å gå til innkjøp av ein brukt hjullastar. Den aktuelle maskina har ein kostnad på kr 675 000,- eks. mva. Kjøpet er tenkt delfinansiert med lån og tilskot frå næringsfondet.

Modalen Sandtak as er ei vel etablert verksemd i Modalen. Rådmannen ser det som positivt at det vert investert i nye driftsmiddel og at det vert satsa vidare. Rådmannen meiner derfor at Modalen

kommune bør vere behjelpelig med finansiering.

I retningsliner for bruk og forvaltning av næringsfondet i Modalen kommune er det gjeve føringar på kva det kan gjeveat lån og tilskot til. I kap.2 Stønadsformer –stønadsvilkår. pkt 2 heiter det: « Ved fornying av driftsmiddel vert det berre gjeve lån». Slik rådmannen ser det er denne investeringa fornying av driftsmiddel. Rådmannen vil derfor rå til at det i denne saka berre vert gjeve tilsegn om lån, men ikkje tilskot.

Konklusjon

Med heimel i retningsliner for bruk og forvaltning av næringsfondet vert søknad frå Modalen sandtak om tilskot til hjullaster avslått. Det blir her vist til Kap 2. §2.1 Stønadsformer avsnitt 3 der heiter det «ved fornying av driftsmiddel vert det berre gjeve lån» .

Rådmannen ser positivt på investeringa og rår til at vert gjeve tilsegn om eit lån, stort kr 135 000,- tilsvarande 20 % av kostnadane.

Vedlegg:

Søknad om tilskot og lån til innkjøp av hjullastar